



Meland Bolig AS
c/o Arne Rossnes Vestbygdevegen 129
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2313 - 19/25685

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no


Dato:
10.12.2019

Adresstildeling og adresseendring Mongsedalen 3

Administrativt vedtak. Saknr: 302/2019

Saksutgreiing:

Det er no gitt løyve til nybygg på nyoppretta eigedom 9/215. Denne eigedommen skal ha adresse til Mongsedalen. Då det ikkje er ledig husnummer her, vert det nødvendig med omadressering av eitt eksisterande husnummer.



Då avkøyringa til det nye huset på 9/215 kjem rett før avkøyringa til 9/36 som i dag har adressa Mongsedal 3, vert det naturleg å tildela adressa Mongsedal 3A til det nye huset og å omadressera dagens Mongsedal 3 til Mongsedal 3B. Omadressering vert nødvendig då det ikkje er lov å bruka berre tal og tal +bokstav på same husnummer!

Vurdering:

Alle bueiningar med eigen ytre inngang skal ha tildelt eiga offisiell gateadresse. I tillegg skal fleire bueiningar innanfor same ytre inngangsdør ha brukseiningsnummer (bustadnummer). Det skal som hovudregel tildelast husnummer (tal) , men det er også aktuelt å tildela bokstav i tillegg til husnummer m.a for å unngå omfattande omadresseringar.

Kommunen har mynde til å endra ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og kan difor verte omadressert.

Skilting.

Etter felles forskrift til § 21 i matrikkelova (adresseforskrift FOR-2011-11-03-1077) for regionen Nordhordland og Gulen, skal du som huseigar sjølv gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt.

Det skal nyttast standard husnummerskilt som skal vera av typen med sjølvreflekterande botn med svarte tal. I fleirbustadbygg skal også brukseiningsnummer skiltast på utsida av inngangsdøra. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte frå eit skiltprodusentfirma.

Skilt og plassering skal tilfredsstilla lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at du som huseigar i tillegg til skilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt. Du har sjølv plikt til å setja opp ekstra tilvisingsskilt der du sjølv eig heilt fram til vegkrysset og kan setja opp skilt på eigen grunn. I andre tilfeller ligg skiltplikta hjå kommunen.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal korrekt skilting av husnummer verte utført så snart som råd. Ved nybygg skal skilting vere utført før bygget vert tatt i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten treng ikkje eiga melding, men ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 22030000 eller internett www.posten.no

Informasjon.

Meir aktuell informasjon om adressetildeling finn du på heimesida til Alver kommune og på www.kartverket.no

Klage

Du kan ikkje klaga på adressenamnet, men du kan klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset har fått si adresse til. Der det er fleire aktuelle tilkomstar skal adressa vera til lovleg tilkomst. Det er berre eigar som kan klaga og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Kommunen kan gje hjelp og rettleiing for den som ønskjer det.

Vedtak

«Meland kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adressesetildeling og omadressering:

Gnr	Bnr	Brukseiningsnr	Vegnavn	Eksist. husnummer	Nytt husnummer
9	36	H0101	Mongsedalen	3	3B
9	21	H0101	Mongsedalen		3A

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen registrerer vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen, dersom vedtaket ikkje vert påklaga innan fristen.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Vestland, men sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/2313 - 19/25685

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Orienteringsbrosjyre om adresser

Mottakere:

Harald Flåm
Meland Bolig AS

Mongsedalen 3 5918
c/o Arne Rossnes 5919
Vestbygdvegen
129

FREKHAUG
FREKHAUG